


KSK-notat nr.: 64/2012 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	BKK Produksjon AS/Tverrgjuvlo kraftverk	
Fylke/kommune:	Hordaland/Voss	
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.: 
Saksbehandler:	Steinar Pettersen	Sign.: 
Dato:	12 DES 2012	
Vår ref.:	NVE 200802600-35	
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken	

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til bygging av Tverrgjuvlo kraftverk i Voss kommune, Hordaland fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	2
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	11
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	15
NVEs vurdering	21
NVEs konklusjon	27

Sammendrag

BKK Produksjon AS søker om å få konsesjon til å utnytte et fall i elva Tverrgjuvlo på 380 m, med inntak på kote 470 og kraftstasjon på kote 90. Det skal bygges en 600 m lang vei til inntaket. Øvre del av vannveien skal gå i tunnel, mens de siste 190 m av vannveien skal gå i rør i grøft ned til kraftstasjonen. Det må etableres en tilkomstvei til kraftstasjonen på 5-600 m som må krysse både Teigdalselva og Tverrgjuvlo, og videre en enkel anleggsvei opp til påhugg for tunnelen. Kraftverket er planlagt med en største slukeevne på 1,80 m³/s og slipp av en minste vannføring på 150 l/s fra 1/5 – 30/9 og 50 l/s resten av året. Middel vannføringen er oppgitt å være 0,91 m³/s og alminnelig lavvannføring 34 l/s. Kraftverket vil få en maksimal installert effekt på 5 MW.

En utbygging etter justert plan vil gi om lag 16,6 GWh/år i ny fornybar energiproduksjon. Dette er en produksjon som er vanlig for småkraftverk. Selv om dette isolert sett ikke er et vesentlig bidrag til fornybar energiproduksjon, så utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel av ny tilgang de senere år. De to siste årene har NVE klarert om lag 1,3 TWh ny energi fra småkraftverk. De aller fleste prosjektene vil ha enkelte negative konsekvenser for en eller flere allmenne interesser. NVE mener at så lenge disse interessene ikke er av svært stor verdi eller dersom de kan avbøtes i tilstrekkelig grad

gjennom vilkår, så kan det gis konsesjon til tiltaket. De konsesjonsgitte tiltakene vil være et bidrag i den politiske satsingen på småkraftverk, og satsingen på fornybar energi.

Med unntak av Voss Naturvernlag er ingen av høringspartene imot en utbygging av Tverrgjuvlo, gitt at det stilles vilkår som i tiltrekkelig grad ivaretar de allmenne interessene som blir berørt. Voss Naturvernlag mener at hensynet til fossens landskapsvirkning tilsier at søknaden må avslås, ev. legges tilbake i kø og behandles senere. FNF Hordaland mener Tverrgjuvlos betydning for anadrom fisk er for dårlig kartlagt. De allmenne interessene som i første rekke kan bli berørt er landskap (foss), biologisk mangfold (sjørret, naturtyper av lokal verdi, fugleliv og en rødlistet lav-art), vannkvalitet (fare for avrenning) og flom (fare for oppstuvning).

BKK Produksjon AS justerte sine planer etter høringsrunden. Maksimal slukeevne ble redusert for å redusere virkningene av utbygging på landskapet, og det ble lagt opp til en ny tilkomst for å hindre fare for oppstuvning/oversvømmelse. NVE mener at ulempene som følge av en utbygging kan avbøtes med tiltak i tilstrekkelig grad.

Etter en helhetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene mener NVE at fordelene av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir BKK Produksjon AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Tverrgjuvlo kraftverk. Tillatelsen gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra BKK Produksjon AS, datert 9.2.2011:

”BKK Produksjon AS ynskjer å nytta delar av fallet i Tverrgjuvlo og søker hermed om følgjande løyver:

- 1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:*
 - Bygging av Tverrgjuvlo kraftverk i samsvar med framlagde planar.*
- 2. Etter energilova om løyve til:*
 - Bygging og drift av Tverrgjuvlo kraftverk, med tilhøyrande koblingsanlegg og kraftleidningar som omtalt i søknaden.*

Naudsynte opplysingar om tiltaket kjem fram i vedlagte utgreiingar.

BKK Produksjon har fallrettane i dei vedkommande vassdraga og det er inngått avtale med grunneigarane om andre naudsynte rettar til å gjennomføre prosjektet.”

Tverrgjuvlo kraftverk, hoveddata		
TILSIG		Hovedalternativ
Nedbørfelt	km ²	8,6
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	28,7
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	106
Middelvannføring	m ³ /s	0,91
Alminnelig lavvannføring	m ³ /s	0,034
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,074
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,026
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	470
Avløp	moh.	90
Lengde på berørt elvestrekning	m	840
Brutto fallhøyde	m	380
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,901
Slukeevne, maks	m ³ /s	2,19
Slukeevne, min	m ³ /s	0,11
Sjakt, diameter	mm	600
Sjakt, lengde	m	340
Tilløpsrør, diameter	mm	700
Tilløpsrør, lengde	m	360
Tunnel, minste tverrsnitt	m ²	18-20 m ²
Tunnel, lengde	m	530
Installert effekt, maks	MW	7,0
Brukstid	timer	2780
MAGASIN		
Magasinvolum	mill. m ³	0
HRV	moh.	470
LRV	moh.	470
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	7,9
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	10,2
Produksjon, årlig middel	GWh	18,1
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad	mill.kr	60
Utbyggingspris	kr/kWh	3,31

På bakgrunn av høringsuttalelsene har søker kommet med forslag om redusert maksimal slukeevne til 1800 l/s og minste slukeevne til 80 l/s. Installert effekt vil bli redusert til 5,0 MW med en produksjon på 16,6 GWh i et midlere år.

Tverrgjuvlo kraftverk, elektriske anlegg		
GENERATOR		
Ytelse	MVA	7,8
Spenning	kV	6,6
TRANSFORMATOR		
Ytelse	MVA	7,8
Omsetning	kV/kV	6,6/22
NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)		
Lengde	m	270
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel

Høring og distriktsbehandling

Søknaden er behandlet etter reglene i kapittel 3 i vannressursloven. Den er kunngjort og lagt ut til offentlig ettersyn. I tillegg har søknaden vært sendt lokale myndigheter og interesseorganisasjoner, samt berørte parter for uttalelse. NVE var på befaring i området den 14.9.2011 sammen med representanter fra søkeren, berørte grunneiere og Voss Naturvernlag. Høringsuttalelsene har vært forelagt søkeren for kommentar.

NVE har mottatt følgende merknader til søknaden:

Voss kommune har i kommunestyremøte den 16.6.2011 vedtatt følgende:

1. *Voss kommune vurderer ei kraftutbygging i Tverrgjuvlo som akseptabel dersom minstevassføringa i sommarhalvåret vert auka. Dette for at fossen i Tverrgjuvlo framleis skal vera ein opplevelsesverdi i Teigdalen.*
2. *Det bør etablerast eit sedimentasjonsanlegg nedanfor kraftstasjonen og massetipp ved ei ev. utbygging.*
3. *På massetippar bør det reetablerast naturleg vegetasjon.*

Vi refererer følgende fra saksutredningen:

”ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

Den planlade utbygginga ligg i eit område som frå tidlegare er prega av ulike naturinngrep. Teigdalselva er sterkt regulert og det er veg og kraflliner gjennom Teigdalen. Det er og godkjent ein landbruksveg opp til Langedalsstølen som ligg like over planlagd inntak.

I nærområdet til utbygginga er det påvist fleire naturfaglege kvalitetar (fleire naturtypar, ei stor skredavsetning med høg fagleg verdi samt fleire trua eller nær trua artar). Den faglege utgreiinga i prosjektet har vurdert at verknadane av ei planlagd utbygging er avgrensa for det biologiske mangfaldet i området. Ei minstevassføring vil medverka til å redusere ein del av desse verknadane. For å redusere ev. skadeverknader på fisk bør det etablerast eit sedimentasjonsanlegg nedanfor kraftstasjon og massetipp ved ei ev. utbygging. På massetippar bør det kun reetablerast naturleg vegetasjon.

Det aktuelle utbyggingsområdet vert i liten grad brukt til friluftsliv, men Teigdalen er m.a. ein del av den "Grøne sløyfa" som er eit reiselivsprosjekt m.a. basert på friluftsliv (sykling) og naturoppleving.

Den største landskapsverdien i området er utvilsamt den markerte og godt synlege fossen i Tverrgjuvlo, like sør for Langeland. Opplevinga av den markerte fossen i Tverrgjuvlo vil bli kraftig redusert ved ei utbygging som planlagt Dette vil gjelde sjølv med den planlagde minstevassføringa. Utifrå at det planlagde utbyggingsområdet alt i dag har ulike og vesentlege naturinngrep vil ein ikkje gå imot ei utbygging. Pga. den store landskap- og opplevelsesverdien av fossen vil ein likevel tilrå at minstevassføringa på sommartid vert vesentleg auka slik at inngrepet av ei ev. utbygging vert ytterlegare redusert.”

Fylkesmannen i Hordaland uttaler følgende i brev av 4.5.2011:

”Vår vurdering av prosjektet

Ut frå vår kjennskap til området og registreringar i Naturbasen kan vi ikkje sjå at allmenne interesser i nemneverdig grad blir berørte av utbygginga. Det aktuelle området er nytta av lokalbefolkninga til jakt og turgåing, men desse interessene vil i liten grad bli berørte. Det er generelt lite ferdsel i det aktuelle utbyggingsområdet. Ei eventuell utbygging blir difor vurdert som lite konfliktfylt for friluftslivet.

Ei eventuell utbygging vil i første rekke redusere vassføringa i fossen i Tverrgjuvlo. Fossen er eit godt synleg landskapselement i Teigdalen og redusert vassføring i denne vil ha negativ påverknad på landskapskvalitetane i området. Ei stor nok minstevassføring vil kunne ha avbøtande effekt.

For å redusere skadeverknaden på fisk og andre ferskvassorganismar i Teigdalselva må utbyggjar ved ei eventuell utbygging få pålegg om å etablere sedimentasjonsbasseng/-grøft nedanfor tunnelen og den planlagde massetrippen. Dersom dette blir gjennomført reknar vi med at prosjektet i liten grad vil påverke fisken i Teigdalselva.

Heile området mellom inntaket og kraftstasjonen ligg i følgje Voss kommune sin kommuneplan i eit landbruks-, natur- og friluftsområde. I plan — og bygningslova § 12-1 er konsesjonspliktige anlegg for produksjon av energi etter energilova, vassressurslova og vassdragsreguleringslova unnateke for reguleringskrav. Etter dagens praksis blir krav om utarbeiding av detaljplan teke med inn i konsesjonsvilkåra. Slike planar går til avgrensa høyring, og blir godkjente av NVE.

Sjølv om arealinngrepa i denne saka kan vurderast som små, vil vi likevel anbefale at detaljplanar for arealinngrepa blir utarbeidd og godkjente. Spesielt gjeld dette nedre del av planområdet som m.a. omfattar vegar til kraftstasjonen og tunnelopninga, kraftstasjon og massetipp.

Innafor influensområdet til prosjektet er det påvist ei fossesprøytzone og ein gråor-/heggeskog. Ei utbygging vil påverke det biologiske mangfaldet i desse naturtypene gjennom redusert vassføring/fukt i fossesprøytsona og fysiske inngrep i gråor-/heggeskogen. Samla blir ei utbygging vurdert til å ha liten eller middels konsekvens for biologisk mangfald og verneinteresser. Når landbruksvegen opp til Langelandsstølen, som tidlegare er godkjent av Voss kommune blir bygd, vil omsøkte prosjekt ikkje føre til ytterlegare tap av INON-område.

Konklusjon

Fylkesmannen vil ikkje gå mot at det blir gitt løyve til bygging av Tverrgjuvlo kraftverk. Vi legg til grunn at det blir stilt vilkår om detaljplanar, som viser alle arealinngrep blir utarbeidd og at krav til minstevassføring blir minst i samsvar med søknaden. Fylkesmannen viser til at vedtak i konsesjonssaker må vurderast etter naturmangfaldslova.”

Fylkesmannen i Hordaland uttaler vidare i e-post av 9.5.2011 følgende:

”Viser til telefonsamtale i dag 9.mai 2011 vedrørende overnevnte sak.

4.mai 2011 sendt vi vår uttalelse til dere.

Fra koordinator for Vossevassdraget har vi i ettertid fått en liten uttalelse om fiskeforholdene i nedre del av Tverrgjuvlo. Denne sender jeg på e-post til deg og jeg ber om at denne legges sammen med vår tidligere uttalelse. Vi ber også om at de forhold som er nevnte i denne uttalelsen, så langt det er mulig tas hensyn til når en eventuell tillatelse skal gis.

Tilleggsuttalelsen er som følger:

”Kartet, vedlegg 3, i søknaden er litt misvisande då dei nedre løpa har endra seg noko. Dette kunne grunneigaren fortelje. Sidelva som har utløp til hovedelva øverst på kartet er ei forgreiningane frå Tverrgjuvlo sjølv om det ikkje ser slik ut på dette kartet. Denne hadde fint habitat for aure, omtrent 300 m² på augemål. Grunneigaren meinte at sjøauren gjekk opp hit. Det er fare for at den foreslegne minstevassføringa ikkje vil vere tilstrekkeleg for dette elveløpet. Ein enkel terskel nederst mot hovudelva ville uansett hjelpe til å holde på vasspegelen her. I søknaden (kap 2.2 Kjøremonster og drift av kraftverket) er det foreslått omløpsventil. Eg meiner ein bør støtte dette forslaget siden elva forgreiner seg ut i eit lite "delta" med fleire fine habitat for aure og byttedyr. Terskel kan vere aktuelt også her.

Fylkeskommunen i Hordaland uttaler følgende i brev av 20.5.2011:

”Fylkesutvalet i Hordaland handsama i møte 19.5. sak 98/11 og gjorde følgjande vedtak om fråsegn:

- 1. Fylkesutvalet i Hordaland vil rå til at det vert gjeve løyve til utbygging av Tverrgjuvlo kraftverk. Ein føreset at det vert gjort tilstrekkelege avbøtande tiltak som sikrar fiskeinteressene i Teigdalselva og Vossovassdraget som laksevassdrag. I tråd med dei fylkespolitiske retningslinene må ein og ha fokus på å ivareta det biologiske mangfaldet ved ei utbygging, som raudlistearter, viktige naturtypar og tiltak for vasstilknytta fugl.*
- 2. Det er potensiale for funn av fornminne i anleggsområde og tilkomstveg for rigg. Før tiltak i marka må det gjerast ei kulturminneregistrering i dei planlagde områda for inngrep.*

Vedlagt følger kopi av møtebok og saksutgreiing. Vedtak og saksutgreiing kan ein og lese på nettstaden www.hordaland.no/energi.”

Fra saksutredningen refererer vi følgende:

”Vurdering og tilråding

Klimaplan for Hordaland (2010-2020) erstattar Energiplan for Hordaland (2001-2012) når det gjeld mål. Strategi C gjeld ny energiproduksjon.

Strategi C: Hordaland skal vere ein føregangsregion i produksjon av fornybar energi ***Delmål:***

8. Hordaland vil stimulere til utvikling, produksjon og bruk av nye fornybare energikjelder. Kompetanse, forskning og utdanning på energifeltet skal styrkjast. Verkemidlar må sikre utvikling, produksjon og tilgang til marknad/ sluttbrukar.

9. Hordaland skal produsere energi frå fornybare kjelder og med minst mogleg arealkonfliktar.

Ein skal ta omsyn til naturmangfald, friluftslivområde og store landskapsverdiar i fylket. Jf Fylkesdelplan for små vasskraftverk.

10. Effektivisering og modernisering av eksisterande vasskraftverk.

Retningslinene vart ikkje revidert i samband med klimaplanen. Gjennom arbeidet med fylkesdelplan for små vasskraftverk 2009-2021 vart det utforma nye retningsliner som

erstattar retningslinene i Energiplanen når det gjeld små vasskraftverk. Retningslinene er lagt ved saka.

I fylkesdelplan for små vasskraftverk står følgjande oppsummert som tekst for delområde Voss: **Voss delområde** har eit stort potensial for småkraft. Det er særleg viktig å ta omsyn til villaksen i Vosso, som har status som nasjonalt laksevassdrag. Vosso og sideelva Teigdalselva har og sjøaurebestand av stor verdi. Det er stort potensial for utbygging i sideelvane til Vosso, og også oppstraums lakseførande strekning kan det vere trong for særlege tiltak ved utbygging. Ein må ta særleg omsyn til friluftsliv der det omfattande stinettet i området går langs vassdrag og elvestrekningar som vert nytta til padling.

Vurdering av utbygginga opp mot retningslinene i fylkesdelplan for små vasskraftverk: Retningsline **R1** syner ei grunnleggjande positiv haldning til bygging av små vasskraftverk. Aktuell utbygging vil gje kring 18 GWh, og er ikkje av dei rimelegaste. BKK har frå før dei meste av rettane som er naudsynt for utbygginga.

R2 er ikkje relevant i saka då ein ikkje er i verna område. Tilhøve for nasjonalt laksevassdrag vert vurdert under emnet fisk.

Retningsline **R3** og **R4** er mindre relevant då ein ikkje er fjordlandskap eller i sårbart høgfjell.

R5. Retningslina om biologisk mangfald har fokus på raudlisteartar som er kritisk trua (CR), sterkt trua (EN) og sårbar (VU), og utbygginga er ikkje venta å ha verknad for slike artar i området. Når det gjeld raudlistearten olivenlav (NT= nær trua) som er funne på trær langs elva er dei største trugsmåla for arten hogst og beiting frå hjort. Retningslinene har og fokus på naturtypar av stor verdi. Dei to registrete naturtypane i området fossesprøytzone og gråorheggeskog er vurdert å ha lokal verdi (verdi C), og sjølv om utbygging med arealinngrep og mindre vassføring vil kunne endringar i det biologiske mangfaldet er konsekvensane likevel ikkje vurdert å vere i eit omfang som skulle utlukke høve til å gje konsesjon. Hekkeplassar for vassstilknytt fugl vil kunne forsvinne, og i tråd med punkt 3 i retningslina bør det som avbøtande tiltak settast opp eigne reirkasser for fossefall.

R6: Vosso med Teigdalselva er del av nasjonalt laksevassdrag, og eit areal i nedre del av Tverrgjuvlo er mogeleg å nytte for anadrom fisk. Yngelproduksjonen i Tverrgjuvlo er vurdert som marginal samanlikna med Teigdalselva, og Rådgivende Biologer som har vurdert tilhøva for fisk og nasjonalt laksevassdrag meiner utbygginga ikkje er i konflikt med Vossovassdraget sin status som nasjonalt laksevassdrag. Når det gjeld retningslina vert det vist til trong for varsemd ved utbygging oppstraums lakseførande og sjøaureførande strekning, t.d. ekstra tryggleikstiltak for å unngå skade på laksestammen, vurdering om automatisk forbisleppingsventil skal monsterast og differensiert minstevassføring. Utbyggjar har lagt opp til bruk av sedimenteringsbasseng for å unngå at steinstøv og restar av sprengstoff renn ut i elva og gjer skade på fisken.

R7: Retningsline har fokus på friluftsområde av stor verdi. Teigdalselva som fiskeelv er grunnlaget for at elva er vurdert å ha stor verdi for friluftslivet, men er og ei av dei mykje nytta elvane for padling i området. Vurderingane om verknad på Teigdalselva som viktig friluftsområde vert tilsvarende som for nasjonalt laksevassdrag. Marginal innverknad på fisk og uendra vassføring i elva inneber liten konflikt med Teigdalselva som regionalt viktig friluftsområde. Området kring sjølve Tverrgjuvlo er ikkje verdisett i kartleggingsrapporten om regionalt viktige friluftsområde i Hordaland frå 2008. Utsyn til fossen i Tverrgjuvlo er ein bonus for dei som nyttar området ved Langeland, men er ikkje hovudattraksjonen for friluftslivet i området.

R8: Når det gjeld kulturminne er det ikkje kjent funn av automatisk freda kulturmine i tiltaksområdet. Planlagd tilkomstveg for rigg og anleggsområde kan ha potensial for fornminne. Kulturminnefagleg bør dette ikkje vere til hinder for å kunne handsame konsesjonssøknaden under vilkår at det vert gjort ei registrering i inngrepsområda.

R9: Retningslina har fokus på redusert opplevingskvalitet i område med stor verdi for reiselivet. Vegstrekket gjennom Teigdalen med "Den grønne sløyfa" er vurdert å ha middels verdi for reiselivet. Bortfall av den markante fossen vil verke negativ inn på opplevingsverdien, men reiselivsinteressene i området er ikkje så sterke at ein vil rå frå utbygging på dette grunnlaget.

R10: Det vil vere større mengder tunnelmassar som må handterast. Retningslina peikar på at alternativ bruk av tunnelmassar bør vurderast framfor tipp i terreng. Utover vanleg bruk i prosjektet kan ein ikkje sjå at utbyggjar har vurdert dette.

Når det gjeld **R11** inneheld søknaden både kart og bilete av området.

Oppsummering

Teigdalselva har laks og sjøaure, og som del av Vossovassdraget er det nasjonalt laksevassdrag – i tillegg viktig regionalt område for friluftsliv grunna fiskeinteressene. Fisk kan gå opp i nedre del av Tverrgjuvlo, men yngelproduksjonen her er så liten at rapport om biologisk mangfald meiner utbygging ikkje vil vere i konflikt med Vosso som laksevassdrag. Fossen i Tverrgjuvlo er eit viktig landskapselement som vil endre karakter ved ei utbygging, sjølv med ei viss minstevassføring i elva. Reiselivs- og landskapsinteressene er likevel ikkje så store at ei vil rå frå utbygging på dette grunnlaget.

Under føresetnad at det vert gjort tiltak for å ivareta laks- og sjøaure i Teigdalselva vert det rådd til å gje løyve til utbygging. Då det er potensiale for fornminne i anleggsområde og tilkomstveg, og det må gjerast ei kulturminneregistrering i inngrepsområda før ei utbygging tek til.”

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd uttaler følgende i brev av 12.5.2011:

”BKK Produksjon AS har søkt om konsesjon for bygging av eit småkraftverk i elva Tverrgjuvlo i Voss kommune, som går i ein bratt sidedal til Teigdalen. Inntaket ligg berre 0,8 km i luftline frå den forvaltingsmessige grensa til Fjellheimen villreinområde, som strekk seg ned til kring 700 moh. Avgrensinga fylgjer omtrentleg skoggrense. Ofte kan villrein nytte areal også under skoggrensa til beite. Spesielt er lågareliggande støler og fjellbjørkeskog viktige om våren, då reinen treng frisk groe så tidleg som mogleg. Inntaket til det planlagde kraftverket ligg på kote 470, like i nærleiken av Langelandsstølen. Både denne og Sevaldstølen som også ligg i nærleiken, vert nytta til beite av villrein (Miljøvurderinga vedlagt konsesjonssøknaden, februar 2011). Det er eit nasjonalt politisk mål å bevare villreinen sine leveområde (St.meld.nr. 21, 2004-2005 Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand). Perifere område som er viktig for villrein i korte, men kritiske periodar av året vil og vere viktig å ta vare på.

Saka vart handsama i møte i villreinnemnda 11. april, på Oppheim, som sak 15/11. Villreinnemnda meiner det vil være viktig å ta omsyn til villrein ved tiltak i dette området, sjølv om det formelt sett ligg utanfor villreinområdet, og ikkje har teljande areal i høve jakt.

Det er i konsekvensutgreiinga gjort god greie for villreinen i den nærliggjande delen av Fjellheimen villreinområde, og det er gjort intervju med lokalkjende (grunneigarar). Konsekvensutgreiinga held fram stølane som beiteområde og peiker på mogleg konflikt med villrein. Mellom anna vert det, heilt rett, halde fram at "bit for bit" utbygging av fjellområde

er reinen sitt største trugsmål i dag (Villrein og Samfunn, NINA temahefte 27, 2004). Dyra som nyttar fjellområda ovanfor tiltaket er dels adskilt frå andre flokkar i villreinområdet pga ein flaskehals der fjellet smalnar av og går ned i en fjelldal (Brekkehusfjellet) samstundes som det går ein bilveg over dette avsmala partiet som skapar ein trekkbarriere. Dyra lyt reknast som særleg sårbare. Under flyteljing i mars 2011 vart det berre funne 18 dyr av ein flokk som har vore rekna som 30-40 dyr (mrk. det var vanskelege sportilhøve under teljinga). Villreinområdet totalt sett har eit bestandsmål på 500 dyr, men har iflg. dei seinare teljingar noko lågare bestand i dato.

Det er liten kunnskap kring kva verknad inntak for småkraftverk har på villrein. Faste installasjonar (truleg med unnatak av vegar og kraftlinjer) har mindre verknad på reinen sin åtfærd enn menneskeleg ferdsle. Det aktuelle tiltaket fører ikkje til kanalisering og det er ikkje planlagt noko magasinering eller større inntaksdam. Synlege inngrep vert bekeinntaket i elva og sterkt redusert vassførsle i elva nedstraums inntaket. Det vil ikkje verte demt opp noko større vatn, og tiltaket vil ikkje verte til hinder for passering av området for villrein på trekk. Inntaksdammen med tilhøyrande installasjon vil ikkje få nokon praktisk betydning for reinens bruk av beitene. Ei evt. stor auke i aktivitet ved hyppig tilsyn og mykje motorisert ferdsle vil vere negativt for villrein. Det er ikkje planlagt anleggsveg opp til inntaket. Det er lite truleg at tiltaket vil generere ei vesentleg auke av ferdsle i området. Det er viktig at tilsynet foregår aktsamt i høve til eventuelle dyr som måtte finnast i området.

Villreinnemnda fryktar ikkje at tiltaket vil kunne føre til at villrein mister vårbeiteareal på lang sikt.

Anleggsperioden vil skape aktivitet og støy, og reinen vil høgst truleg sky området i perioden med aktivitet. Desse areala har truleg verdi for reinen berre vår og forsommar. Det vil ha god avbøtande effekt om anleggsarbeidet vert lagt eit stykke ut på sommaren og hausten.

Konklusjon, i tråd med vedtak i møte 11.04.2011

Villreinnemnda er generelt skeptisk til nye tekniske inngrep i randområdene inn mot villreinområdet, men kan ikkje sjå at dette konkrete inngrepet isolert sett vil få vesentleg negativ verknad for villrein.

Dersom det vert gjeve konsesjon til det omsøkte tiltaket, vil villreinnemnda be om at tiltakshavar vert anmoda om å ta særleg omsyn til villrein i anleggsperioden. Arbeidet på anlegget bør ikkje starte tidlegare på året enn 1. juli. ”

Statens vegvesen uttaler i brev av 20.5.2011 følgende:

”Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å skapa størst mogleg trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Statens vegvesen minner om at det må søkjast særskild om evt dispensasjon frå byggegrense og tilkomst (avkjørsle) frå riks- og fylkesvegnettet.

Statens vegvesen har ellers ingen merknadar til høyringa.”

Fagråd for anadrom laksefisk i Vossavassdraget uttaler følgende i brev av 11.5.2011:

”Eg, Geir Ove Henden med fleire var 4. mai på synfaring ved utløpet av Tverrgjuvlo. I dette område er det fleire utløp som renn ut i Teidalselva. Etter mitt syn er den føreslegne minstevassføringa liten til å sikre vatn i all desse bekkane. Det elveløpet som ligg lengst aust har godt gyte og oppvekstsubstrat og er viktig å sikre med minstevassføring.

For ungfiskproduksjonen vil det vere gunstig å bygge små tersklar i nokon bekkar ved innløp til Teigdalselva. Eg er gjerne med utbyggjar på ein synfaring for å vise kva eg meiner kan gjerast for sikre oppvekstområde. Fagrådet støttar den planlagde omløpsventilen.”

FNF-Hordaland uttaler følgende i brev av 23.5.2011:

”FNF ser med uro på planene om bygging av kraftverk i Tverrgjuvlo. Årsakene til dette er stor usikkerhet om elvas betydning for produksjon og levekår for sjørret, og elvas betydning for Teigdalselva og Vossovassdraget i sin helhet.

Vi ber derfor NVE om å pålegge utbygger å bedre kartlegge om det finnes sjørret i elva, og eventuelt i hvilket omfang for konsesjon gis. Kartleggingen med miljøvurdering som er utført, blant annet gjengitt på side 19-20 i rapporten fra utbygger, finner vi utilstrekkelig. Dette gjelder særlig elvas evne og betydning for produksjon av sjørret. Våre antagelser her er at elva er viktigere enn antatt. Dette bygger vi på erfaringer fra Teigdalselva hvor Uni Research AS har gjort grundige undersøkelser. Sentralt i dette arbeidet har blant annet vært Bjørn Barlaup som sier at Tverrgjuvlo har et rimelig stort vanddekt areal og mener at produksjon av sjørret her ikke kan utelukkes.

Et annet moment er Tverrgjuvlos betydning som sideelv til Teigdalselva og videre i Vossovassdraget. Ved stor vannføring tilfører den Teigdalselva mye vann, med store årsvariasjoner. Teigdalselva ble bygget ut på 60-tallet uten krav til minstevannsføring. Selve vannføringen har vært noe av problemet i Teigdalselva og vi frykter at en utbygging av Tverrgjuvlo vil kunne forsterke dette. Vi er også bekymret for temperaturen på vannet fra et nytt kraftverk kan avvike fra normalen og påvirke negativt.

Videre må NVE pålegge utbygger strenge krav til minstevannsføring. Denne må slippes kontinuerlig og tappes fra bunnen av inntaksdammen til kraftverket, på en slik måte at det kun produseres kraft av overskuddsvann utover minstevannføringen. På denne måten kan en sikre en årssikker kontinuerlig minstevannsføring på hele minstevannføringstrekingen.”

Voss naturvernlag uttaler følgende i udatert brev mottatt 1.6.2011:

”Etter synfaring i Teigdalen 22.05.2011, meiner me at elva Tverrgjuvlo bør få renna slik den gjer i dag.

Dette vil me begrunna først og fremst med det vakre fossefallet denne elva lagar ned mot dalbotnen, som er så godt synleg frå bilvegen gjennom dalen. Sjølv om dagens energisituasjon kanskje tilseier utbygging av fornybar og rein energi som vasskraft er, vert det likevel feil særleg på eit så tidleg tidspunkt av "småkraftutbygginga", å ta dei elvane som så mange har stor glede av å sjå, og som samstundes er med å gje grunnlag for inntekter til bygda gjennom turisme.

Slike elvar er og ofte dei rimelegaste å byggja ut, og kan dermed gjev mogelegheit for den beste inntening for ein utbyggjar.

Moderne boremetodar som me meiner absolut bør brukast, vil nok gjera inngrepa i naturen lite synlege, samstundes som ei utbygging i eige elveløp gjer skadeverknader klart mindre. Likevel vil elva og fossen for det meste vera burte, og det ynskjer me ikkje med Tverrgjuvlo.”

Grunneigarane på Langeland v/Hans Langeland uttaler følgende i brev av 10.5.2011:

”Viser til søknaden, kap. 2.2 Teknisk plan, vegbygging.

Vi er ikke enig i vurderinga av vegløsninger.

I møter med BKK er det presisera at tilkomst med terskel og bru som innteikna i vedlegg 3, ikke er forsvarlig.

Ved isgang og flom vil bru og terskel i det vurderte område føre til store ødeleggelser på arealet sør for husa på Langeland.

Vi mente det var enighet om at beste løysinga med tilkomstveg er nord for husa på Langeland. Ut i fra den informasjon som er kjent så langt, er dette einaste løysinga vi kan godta.

Isgang og flom er problem på Langeland, sør for husa sånn det er i dag. Uansett bør elveløpet utvidas nord for brua på Sevalstad, om lag i grensa mellom Sevalstad og Langeland."

BKK Nett AS uttaler følgende i brev av 24.3.2011:

"BKK Nett er utredningsansvarlig for det regionale kraftsystemet i "BKK-området og indre Hardanger" som omfatter det meste av Hordaland Fylke og deler av Sogn og Fjordane sør for Sognefjorden.

Vi har fått BKK Produksjons konsesjonssøknad for Tverrgjuvlo kraftverk på høring. Planlagt installert effekt er 7,0 MW. Kraftverket er planlagt tilknyttet BKK Produksjons eksisterende 22 kV ledning som går fra Oksebotn kraftverk til Evanger.

I Evanger er det per i dag kapasitetsproblemer i opptransformeringen til 300 kV nettet. Vi bekrefter at BKK Nett planlegger å øke i transformator kapasiteten i Evanger, forventningsvis i år 2014.

Ut over dette har vi ingen merknader til konsesjonssøknaden."

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

Søker har i brev av 15.8.2011 kommentert de innkomne høringsuttalelsene slik:

"Tverrgjuvlo kraftverk. Kommentar til innkomne merkander

Viser til epost dagsett 29.juni 2011 der NVE ber om BKK Produksjon AS sine kommentarer til mottekne høyringsuttale vedrørende konsesjonssøknaden for Tverrgjuvlo kraftverk i, Voss kommune i Hordaland.

Vi har motteke merknader frå følgjande:

- *Voss kommune*
- *Voss Naturvernlag*
- *Fylkesmannen i Hordaland*
- *Hordaland fylkeskommune*
- *Statens vegvesen*
- *BKK Nett AS*
- *Fagråd for anadrom laksefisk i Vossovassdraget*
- *FNF Hordaland*
- *Grunneigarane på Langeland*
- *Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd*

BKK Produksjon AS sine kommentarar til dei enkelte innkomne merknadane:**Voss kommune:****BKK P sine kommentarar:**

Punkt 1: BKK P vil vurdere eit prosjekt som har noko lågare slukeevne enn det omsøkte alternativet. Dette medfører at restvassføringa i vassdraget vert høgare. Vi meiner at fossen vil i store delar av sommarhalvåret fortsatt ha ein opplevelsesverdi i Teigdalen. Viser til tilleggsvurdering av hydrologi.

Punkt 2. I forbindelse med utbygginga vil BKK pålegge entreprenøren å etablere sedimenteringsbasseng for å fange opp sigevatn frå tunneldrivinga og frå massedeponi. Etter utbygginga vil det også vere avskjerande grøfter ved deponi som skal fange opp evnt sigevatn slik at dette skal verte tilstrekkeleg rensa (utfelling av finpartiklar). Eit alternativ til å etablere tradisjonellt sedimenteringsbasseng er å bruke eit flokkuleringsmiddel for at utfellinga av finpartiklar skal skje raskare. Dette er også mindre arealkrevjande. Dette er mellom anna også foreslått for Eikemo kraftverk i Eksingedalsvassdraget. Endelig val av sedimenteringsmetode vert gjort i samband med detaljprosjekteringa.

Punkt 3. Massetippar vil verte arrondert, tilsådd og tilplanta med stadeigen og naturleg vegetasjon. Endeleg plassering og utforming vert ein del av detaljplanane som skal godkjennast av NVE.

Voss Naturvernlag:**BKK P sine kommentarar:**

BKK merkar seg Voss Naturvernlag sin motstand om utbygging, men BKK meiner at utbygga av Tverrgjuvlo kan gjerast samstundes som fossen vert oppretthalden ved minstevassføring, sjå også tilsvaret til Voss kommune punkt 1.

Når det gjeld moderne boremetodar er dette vurdert av utbyggjar som ein mogleg løysing, men då kostnader ved bruk av slikt utstyr er høge og tilgjengelegheit til slikt utstyr er avgrensa, er konvensjonell byggemetode vurdert som den mest aktuelle løysninga. I tillegg meiner BKK at utbyggjinga i Tverrgjuvlo vil skje med liten påverknad av miljø og landskapet. Det skjer stadig ei utvikling av retningsstyrt boring og utbyggjar vil ikkje utelukke at det kan verte aktuelt.

Fylkesmannen i Hordaland:**BKK P sine kommentarar:**

Når det gjeld vassføring i fossen vert det vist til svar på punkt 1 i uttalen frå Voss kommune og vedlagt tilleggsutgreiing. BKK ønskjer å oppretthalde forslaget til minstevassføring, men vil vurdere å redusere slukeevna i kraftverket, jamfør kommentar til punkt 1 Voss kommune.

Det er ein føresetnad for prosjektet at detaljplanane skal desse godkjennast av NVE.

Når det gjeld forhold for fisk meiner BKK at etablering av ein terskel og andre mindre tiltak i nedre del av Tverrgjuvlo vil kunne oppretthalde gode gyte- og oppvektsområder for sjøauren. Behovet for omløpsventil ved utfall av kraftverket vil kunne løysast ved innretning på turbinen.

Ved utfall av kraftverket vil styringa av turbinen vere innstilt til å stenge deflektorene og sleppe forbi 50% av slukeevnen som er ved bortfall. Reduksjon av vassmengda ved utløpet av kraftverket vil soleis skje gradvis og faren for stranding av fiske vert redusert. Dette viser seg å vere ein like god metode som å montere ein eigen omløpsventil og dette er ei løysing som mellom anna Småkraft AS har nytta på anlegg av same storleik.

Hordaland Fylkeskommune:

BKK P sine kommentarar:

BKK ser at fylkeskommunen er positive til utbygginga

- 1. BKK meiner at dei tiltaka som er føreslegne vil sikre fiskeinteressene i vassdraget.*
- 2. BKK vil tidleg i detaljplanlegginga be om møte og synfaring med Fylkeskommunen og arkeolog for å kunne påvise eventuelle kulturminner i området. Dersom det vert gjort funn som har verneverdi vil det verte gjort justeringar av prosjektet.*

Statens vegvesen:

BKK P sine kommentarar:

BKK vil søkje Statens vegvesen særskilt om tilkomst/avkøyrse frå fylkesvegen til kraftverket i samband med utarbeiding av detaljplanane for kraftverket.

BKK Nett AS:

BKK P sine kommentarar:

BKK Produksjon er i jamnleg dialog med BKK Nett om nettilknytning av nye kraftverk slik at dette vert omsynete i BKK Nett sine utgreiingsplanar. For Tverrgjuvlo kraftverk sin del vil dette verte tilknytt til Evanger transformatorstasjon via BKK Produksjon si eksisterande 22 kV-leidning Oksebotn – Evanger. BKK Nett forutsetter at oppgradering av transformeringskapasiteten er auka innan utgangen av 2014. Dette vert omsynete i framdriftsplanen for utbygginga av kraftverket og med planlagt byggetid på kraftverket på 1,5 – 2 år vil etter opplysningar frå BKK Nett då vere tilstrekkeleg kapasitet i overordna nett.

Fagråd for anadrom laksefisk i Vossovassdraget

BKK P sine kommentarar:

Fagrådet for anadrom laksefisk i Vossodraget påpeiker det same som Fylkesmannen har kommentert. Redusert driftsvassføring og bygging av terskel og andre mindre tiltak i samband med endra tilkomst til kraftverket, meiner BKK at er tilstrekkeleg til at forholde for gyte- og oppvekstforholde i Tverrgjuvlo ikkje vert forringa.

Når det gjeld omløpsventil vert det vist til svar til merknad frå Fylkesmannen.

FNF Hordaland

BKK P sine kommentarer:

FNF Hordaland meiner at verdien og konsekvensen av Tverrgjuvlo si betyding som ein del av Teigdalselva/Vossovassdraget på anadrom fisk ikkje er kartlagt godt nok. BKK vil påpeika at ved ei utbygging av Tverrgjuvlo vil ikkje medføre bortføring eller regulering av meir vatn i Teigdalsvassdraget. Utløpet av kraftverket er planlagt at skal leiiast ut i nedre del av Tverrgjuvlo like før Tverrgjuvlo sitt utløp i Teigdalselva. Det betyr at vassføringa i Teigdalselva vert uendra som følge av utbyggjnga. Når det gjeld Tverrgjuvlo si betyding som oppvekstområder på anadrom fisk vert det vist til tidlegare svar til Fylkesmannen og Fagrådet for anadrom fisk.

Grunneigarane på Langeland

BKK P sine kommentarer:

BKK er klar over at Teigdalselva ved stor vassføring går over sine breidder og setter dyrka marka på Langeland under vatn. Tunet på Langeland er også i faresona ved stor flaum og ved isgang og vi forstår grunneigarane si bekymring om at ein tilkomst til kraftverk som skissert i søknaden kan opplevast som eit hinder. Den omsøkte tilkomstløsninga meiner BKK likevel var eit mogleg alternativ som dersom den vert prosjektert og bygt rett, ikkje skulle vere eit hinder som forverrar situasjonen.

Likevel ønskjer BKK no få revurdert tilkomsten til kraftverket. Nytt forslag er å flytte tilkomsten nordom tunet på Langeland. Det må då byggjast to bruer over Teigdalselva, ei mindre og ei litt større. Vidare vert tilkomstvegen lagt i ytterkant av dyrkamarka langs nedre kant av ura som ligg på vestsida av Teigdalen. Tverrgjuvlo må kryssast og her ser BKK for seg at ein kan legge tilkomsten over nedre del av elva og ein gjer nokre endringar i elveløpet samstundes som det vert bygt tersklar for å oppretthalde gyte og oppvektsområde for fisk. Viser også til vedlagt skisse.

Når det gjeld isgang - og flaumforholda i Teigdalselva er dette noko som BKK er klar over og BKK vil i samarbeid med grunneigarar, NVE, kommunen med fleire vurdere om det skal iverksettast tiltak for å sikre grunneigarane sine interesser i og langs elva. Dette er ikkje noko som vedkjem Tverrgjuvlo kraftverk prosjektet åleine, men er effekt av utbyggjnga som er gjort i øvre del av Teigdalselva. Det skal vere eit miljøtilsyn i vassdraget 27 -28 september inneverande år. Dette vil då vere naturleg å sjå på.

Nordfjella og Fjellheimen Villreinnemnd

BKK P sine kommentarer:

Anleggsarbeidet ved inntaket vil på grunn av snøforhold ikkje verte utført på vinterstid og tidleg vår. Framdriftsplan for arbeid i fjellet (dvs ved inntak og tilkomst til inntak) vert framlagt for villreinnemnda og evt justeringar i framdriftsplanen for ikkje å uroa villreinen i kritiske periodar vil verte tekne omsyn til.

Det var vedlagt en endringsmelding i tilleggsnotat om hydrologiske forhold ved redusert maksimal slukeevne og forslag til endring av tilkomst til kraftverket. NVE legger til grunn denne endringen ved den videre behandlingen av saken.

”SAK: Tverrgjuvlo kraftverk. Tillegg hydrologiske forhold redusert driftsvassføring,

For å auke restvassføringa i fossen i Tverrgjuvlo, vert det gjort framlegg om å redusere driftsvassføringa. I opprinneleg søknad er det gjort greie for ei driftsvassføring på 2,19 m³/s. med foreslått minstevassføring på 50 l/s 1.oktober til 30. april og 150 l/s 1. mai – 30. september.

Ifbm tilsvaret til innkomne merknader har BKK Produksjon gjort vurdering å redusere største slukeevne til 1,80 m³/s og minste driftsvassføring vil vere 80 l/s. Forslaget til minstevassføring er uendra. Installert effekt vert redusert frå 6,5 MW til 5 MW.

Produksjonen i kraftverket vil verte redusert frå 18,1 GWh til 16,6 GWh.”

Voss Naturvernlag v/Karl Magne Bolstad kom med følgende tilleggsuttalelse i e-post sendt NVE 6.10.2011:

”Etter befaring 14.september meiner me planlegginga av kraftverket er god og at ei eventuell utbygging vert nær minst mogelig skjemmaende.

Me meiner likevel at i dagens situasjon med lang kø av slike prosjekt på venteliste, bør dette kraftverket på grunn den godt synlege fossen verta flytta langt bak i køen.

Det vart sagt at det i summar hadde passert opptil tre turistbussar på Teigdalsvegen kvar veke, og det er første året denne rundturen har vore køyrd. Dette turisttiltaket kan få ringverknader ikkje berre for Teigdalen, men og Eksingedalen og Modalen. Dette er alle stader som i dag bidreg godt til kraftproduksjonen i landet.”

Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader

Om søker

Søker er BKK Produksjon AS (BKK). De har inngått avtale med grunneierne om de nødvendige rettigheter til å gjennomføre utbyggingen.

Om søknaden

BKK søker om følgende tillatelser:

- Etter vannressursloven jf. § 8, om tillatelse til å bygge Tverrgjuvlo kraftverk.
- Etter energiloven om tillatelse til bygging og drift av Tverrgjuvlo kraftverk med tilhørende koblingsanlegg og kraftlinjer som beskrevet i søknaden.

Kraftverket vil i henhold til søknaden være et elvekraftverk med inntak på kote 470 og utløp på kote 90 med en brutto fallhøyde på 380 m. Kraftverket vil utnytte et nedbørfelt på 8,6 km². Restfeltet mellom inntak og kraftstasjonen utgjør 0,54 km². Middelvannføringen i vassdraget er 910 l/s og alminnelig lavvannføring er beregnet til 34 l/s. Kraftverket var opprinnelig planlagt med en installert effekt på 7,0 MW med en produksjon på 18,1 GWh i et midlere år. På bakgrunn av høringsuttalelsene har søker kommet med forslag om redusert maksimal slukeevne til 1800 l/s og minste slukeevne til 80 l/s. Installert effekt vil bli redusert til 5,0 MW med en produksjon på 16,6 GWh i et midlere år. Det er fortsatt planlagt en minstevannføring på 150 l/s i perioden 1. mai til 30. september og 50 l/s resten av året. Denne endringen vil bli lagt til grunn i NVEs videre behandling av søknaden. Vannveien vil bli en sprengt tunnel i øvre del og som rørgate i nedre del. Det er i endringsmeldingen lagt til grunn ny

adkomstvei til kraftstasjonen. Dette medfører kryssing av Teigdalselva øst for gården på Langeland i stedet for den opprinnelig planlagte kryssingen på vestsiden.

Beskrivelse av området

Det planlagte kraftverket vil utnytte en fallstrekning mellom kote 470 og kote 90 i Tverrgjuvlo i Voss kommune i Hordaland. Tverrgjuvlo løper sammen med Teigdalselva like nedenfor planlagt kraftstasjon. Tverrgjuvlo inngår som del av det nasjonale laksevassdraget Vossovassdraget. Laks og sjørret kan vandre opp Teigdalselva helt opp til Kråkefossen. Det er registrert sjørret i nedre del av Tverrgjuvlo og vandringshinderet er ca. 250 meter oppstrøms samløpet med Teigdalselva. Det østre løpet antas å være viktigst for produksjon av sjørret. Det er lagt ned et betydelig arbeid med å reetablere laksebestanden i Vossovassdraget. Teigdalselva er primært en sjørretelva, men også noe laks vandrer i denne elva.

Berggrunnen i området består hovedsakelig av granitt i dalsiden og glimmerskifer og fyllitt i dalbunnen. Sørsiden av Tverrgjuvlo har tynt eller fraværende løsmassedekke bortsett fra nedre del som består av elveavsetninger. Nordsiden av elva er påvirket av skred og består derfor av store mengder skredmateriale.

Øvre del av tiltaksområdet består av skrinn fjellbjørkeskog. Lia sør for Tverrgjuvlo består hovedsakelig av gråor-heggeskog med innslag av granplantefelt nederst mot Teigdalselva. Det er registrert en fossesprøytzone med tilhørende fosseeng nedenfor fossen. Olivenlav, som er en rødlisteart (nær truet), er registrert langs nedre del av Tverrgjuvlo.

Eksisterende inngrep i vassdraget

Det går en 300 kV kraftlinje langs Kvernhusgrovi, sør for Tverrgjuvlo, og videre over til Eksingedalen. Like ved planlagt kraftstasjon går det en 22 kV kraftledning. Teigdalselva har redusert vannføring som følge av kraftproduksjon i Oksbotn og Evanger kraftverk. Det er bygd flere terskler i Teigdalselva som kompensasjon for reguleringene i øvre deler av vassdraget. Det går vei langs østsiden av Teigdalselva. Det er gitt tillatelse til bygging av stølsvei fra Li til Langelandsstølen. Byggingen av denne veien startet i 2009 men er pr. i dag ikke ferdigstilt.

Teknisk plan

Reguleringer og overføringer

Det planlagte kraftverket er et rent elvekraftverk uten reguleringsmagasin eller overføringer.

Inntak

Inntaket vil bli lagt på kote 470 ved et tjern/lone. Det er ikke planer om å endre vannstanden i tjernet ut over det som er normalt ved store vannføringer i dag. Løsmasser i tjernet vil bli fjernet. Inntaksdammen vil bli ca. 15 meter lang og 3-4 meter høy. Overløpet vil bli et fast overløp på kote 470, ca. 1 meter under dammens topp. Dammen vil bli lagt som en gravitasjonsdam av betong. Inntakskonstruksjonen vil bli lagt på siden av inntaksbassenget og utstyrt med rist/varegrind og en stengeluke. Dammen vil bli utstyrt med en luke eller en ventil for å kunne tappe ned inntaksbassenget for inspeksjon og vedlikehold. Det vil bli montert et lufterør mellom inntak og sjakt.

Vannvei

Total lengde på driftsvannveien vil bli 1080 m og gå først i sjakt (360 m med diameter 600 mm), deretter råsprengt tunnel (280 m med tverrsnitt 18-20 m²), så rørtunnel (250 m) og tilslutt nedgravd rørgate (190 m med diameter 700 mm). Et sedimenteringsbasseng vil bli anlagt nedenfor tunnelåpningen for å fange opp sigevann fra tunneldriften.

Kraftstasjon

Kraftstasjonen vil bli plassert på kote 90. Kraftstasjonen får en grunnflate på 120 m². Det er planlagt installert en peltonturbin med en effekt på 5,0 MW og med en største og minste slukeevne på henholdsvis 1,8 m³/s og 0,08 m³/s. Søker planlegger en løsning hvor styring av turbinen er innstilt til å stenge deflektorene og slippe 50 % av maksimal slukeevne forbi, ved utfall i kraftstasjonen. Dette er en løsning som har til hensikt å ivareta de samme hensyn som en omløpsventil.

Elektriske anlegg

Kraftverket er opprinnelig planlagt installert med en generator på 7.8 MVA og en spenning på 6,6 kV. Transformatoren får en ytelse på 7,8 MVA og en omsetning på 6,6/22 kV. Med en reduksjon i turbineffekten til 5,0 MW vil generator og transformator bli tilsvarende redusert. Kraftverket er i søknaden planlagt knyttet til eksisterende 22 kV med en 270 meter lang nedgravd kabel som delvis vil følge tilkomstveien til kraftverket.

BKK Nett AS har fått konsesjon til oppgradering av Evanger transformatorstasjon og sammen med bygging av 420 kV linje mellom Sima og Samnanger er det etter deres syn kapasitet til å knytte til Tverrgjuvlo kraftverk i løpet av 2014.

Veier

Etter høringsrunden har BKK Produksjon AS fremmet en alternativ trasé for adkomst til kraftstasjonen. Den vil krysse Teigdalselva i bro med to spenn like øst for gården på Langeland. Den vil deretter måtte krysse Tverrgjuvlo like før kraftstasjonen.

